



**Hordaland fylkeskommune
Kultur og idrettsavdelinga
Postboks 79
5020 BERGEN**

Norheimsund 25.9.14

Dykkar ref. 2014/1442

HØYRINGSFRÅSEGN. REGIONAL KULTURPLAN 2015-2025

INNLEIING

Hardanger og Voss museum ser positivt på at Hordaland fylkeskommune utarbeider ein ambisiøs og brei kulturplan. Det er viktig å sjå dei ulike kulturfelta i samanheng, og det er viktig å sjå samfunnsansvaret til aktørane på kulturfeltet. Hardanger og Voss museum er derfor nøgd med og støttar dei overordna måla for den fylkeskommunale kulturpolitikken.

REGIONSPPLAN FOR KULTUR

Kapittel 2.5. Verkemiddel og støtteordningar: Tilskot til drift

I framlegg til kulturplan ber ein om innspel på endring av rutinane for tildeling av driftstilskot. Framlegget går på å endre søknadsintervalla frå eit til eksempelvis tre år.

Hardanger og Voss museum ser vinsten av å få ein lengre planleggingshorisont både for institusjonane og for fylkeskommunen, og støttar slik framlegget. Me vil likevel peika på at rapporterings- og søknadshandsaminga i institusjonane er svært krevjande, og det er difor viktig at dei ulike forvaltningsnivåa tilpassar rutinane til kvarandre. Dette vil nok i realiteten bety at fylkeskommunen bør harmonisera rapporteringsrutinen sin til staten/kulturdepartementet. Tidelingskriteria om *Tydeleg regionale omsyn* bør kunne handterast som eit teknisk tillegg til ei slik harmonisering.

Det blir vidare foreslått å gjennomføra ei evaluering før kvar søknadsrunde. Dette er klokt, men det bør ikkje leggjast opp til store og krevjande prosessar. Gjer heller enkle vurderingar av målbare tidelingskriterier.

Kapittel 5.5 Kulturminnevern og museum

Det er positivt at planen ynskjer å styrka musea, slik det vert nemnd i punkt 16. Dette er ei nødvendig satsing som alle forvaltningsnivå må vera med på. Det er òg bra at planen opnar for at det vert satsa meir på vedlikehald av museumsbygg, som er eit område der det trengst store ressursar.

I punkt 18, utvalde kulturminnekategoriar, er det lista opp heile ti ulike kategoriar. Her føler me at det burde vore ei strengare prioritering, og at ein i alle fall kunne gå ned mot det halve. For oss er fartøyvern, kystkultur, og vedlikehald av freda hus område som bør prioriterast høgt.

Dokumentasjonskapitlet i planen opnar med ein definisjon av kva dokumentasjon er, kven som kan gjera det, og korleis det kan gjerast. Dette avsnittet er vagt og vidt. På mange område hastar det med dokumentasjon, og dette arbeidet kan gjerne gjerast av frivillige, men då må det utarbeidast gode retningsliner for korleis arbeidet skal utførast. At musea får eit særskilt ansvar på dette feltet er fint.

Kapittel 5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling

Det er viktig at kunstnarar har gode arbeidsvilkår, men det er det òg viktig at institusjonane har. Det som står om kåra for kunstnarar kan godt overførast til dei etablerte institusjonane. Dei er viktige møtestader for kunstnarane, og må ha rammer som er vide nok til at dei kan initiera samarbeid med kunstnarar, og til å vera kreative og modige.

At planen oppmodar til samarbeid på tvers av sjangrar og kunstuttrykk er svært positivt.

HANDLINGSPROGRAM

Innsatsområde 16 Museumsloft

Hordaland fylkeskommune sin tunge satsing på museum som mellom anna kom til syne i regionalplanen 2011 – 2015 Musea i samfunnet, må vidareførast i den nye Kulturplanen gjennom å ta med seg fylgjande mål: «*Musea skal utviklast som sterke kunnskapssenter og organisasjonar, og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.*»

For å sikra dette ber me om at første tiltak i museumsplanen blir tatt med i kulturplanen slik fyrste mål i dette innsatsområdet presiserast som fylgjer:

Tiltak: Musea skal ha ein økonomi som set dei i stand til å kunne utføra sitt samfunnsoppdrag.

Innsatsområde 8. Kulturbasert næringsutvikling

Hardanger og Voss museum driv ei kulturbasert næringsverksemd der eigeninntektene ligg på nær 50 %, først og fremst på grunn av restaureringsverksemda ved Hardanger fartøyvernsenter. På grunn av den omfattande verksemda som det frivillige og det profesjonelle fartøyvernet i Hordaland driv, bør dette styrkast og dermed lyftast inn i denne delen av planen.

Me gjer framlegg om å utvida tiltakspakka med følgjande formulering:

Mål: Arbeida for å betra og sikra rammevilkåra for det frivillige og profesjonelle fartøyvernet i Hordaland.

Innsatsområde 22. Tradisjonsuttrykk

Det er gledeleg at planen omtalar immateriell kulturarv som eit viktig satsingsområde, og me ser med forventning fram til styrking av dette viktige arbeidsfeltet.

Det er òg gledeleg at hardingfeletradisjonen, vert drege fram i planen. Hordaland fylkeskommune har hatt dette som ei kulturpolitisk satsing dei siste tiåra og det er viktig at satsinga held fram, gjerne saman med institusjonar som Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss museum. Denne satsinga kan resultera i gode modellar for forvaltinga av immateriell kulturarv, også nasjonalt.

Me støttar også målet om oppretting av eit bygningsvernsenter for ivaretaking og sikring av handverk og kulturminne på dette felte.

Me saknar likevel at kystkulturen og fartøyvernet får en plass også i dette innsatsområdet. Hordaland har store aktiva på dette feltet gjennom både ved oselvarverkstaden og Hardanger fartøyvernsenter og kystkulturmiljøet i Bergen. Me meiner denne satsinga bør komme til uttrykk i dette innsatsområdet og ber om at følgjande tiltak blir tatt inn:

Mål: Vidareutvikle tradisjonelt handverk knytt til kystkulturen.

Samarbeidspartnarar: Oselvarverkstaden, Hardanger fartøyvernsenter, Kystkultursenteret i Sandviken og det frivillige fartøyvernet.

Med helsing

Hardanger og Voss museum

Bjørn Christensen
styreleiar

Trude H. Letnes
Direktør